



ÅRSMELDING 2024



TURÅRET 2024

Det har vore mykje aktivitet i Sotra Øygarden Turlag i løpet av 2024. Første fellestur vart arrangert allereie 10.januar, i strålende sol. Seniorane har vore mest aktive med faste turar kvar veke.

I tillegg har me fått Turboklubben i gang igjen. No har me to aktive Turboklubbar i Øygarden. Her er det faste treff annakvar veke.

Kystpasset kom tradisjonen tru rett før påske og var eit kjærkome tilskot for alle som likar å utforske dei flotte turmåla i kommunen vår.

Året vart avslutta med ein sprek adventskalender sør i kommunen, med dagleg premietrekning for alle som tok selfie med eit kalenderbilete i Vetebu.

Styret i Sotra Øygarden har jobba mykje i kulissene for å vedlikehalde turtilbodet i kommunen. Me har eit bra styre med fleire gode eldsjeler.

VÅRE AKTIVITETAR

• Kystpasset

Kystpasset vart lansert rett før påske. Mange var ivrige etter å kome i gang, så dei første Kystpassa forsvann kjapt frå butikkane. Den første Kystpasshelga hadde flott vær, men terrenget var vått, så det vart fort gjørmete på dei nye stiane. Ein av Kystpasssturane måtte me fjerne same dag som Kystpasset vart lansert. Me vart kontakta av statsforvaltaren grunna eit ornitologisk funn i området ved den aktuelle turen. Same dag fekk me sett opp skilt ved starten av stien, og viste til alternativ tur i nærområdet.

Kystpasset 2024 hadde 10 nye turmål. Nokre av desse har vore med i tidlegare Kystpass.

Me har hatt eit godt samarbeid med kommunen i utforminga av kartutsnitta, og Biblioteket har vore viktig samarbeidspartnar ved utdeling av Kystpasset, Kystpasspins og Kystpasspremiar. Me hadde eit opplag på 17.000 Kystpass i 2024 (inkludert lause klippekort). Av desse er det berre nokon hundre att i januar 2025. Det er også mange som nyttar Kystpasset digitalt, men tala i UT-statistikken speglar ikkje det totale talet besøkjande sidan det er mange som berre sjekkar inn éin gong, eller ikkje i det heile teke. Det har vore ein nedgang på digitale innsjekk i 2024. Dette kan ha samanheng med at Sotra Øygarden Turlag har valt å promotere Kystpasset i mindre grad pga stor pågang og slitasje på stiane. Sjå statistikk nedst på sida.

Me ynskjer å halde fram med tilbodet i 2025, men det er behov for nye frivillige til å overta arbeidet med Kystpasset.

Me takkar alle våre sponsorar som støttar oss økonomisk til å produsere Kystpasset. Dette gjer at me kan halde fram med å tilby Kystpasset som eit gratis lågterskeltilbod for alle. Kystpasset vert delt ut i alle butikkar og bensinstasjonar i kommunen ved lanseringa. Dersom det er tomt i butikkane er det alltid mogleg å få tak i Kystpasset på Biblioteket.



Statistikk Kystpasset i UT-appen	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Innsjekkingar i UT-appen	3316	21.221	27.871	18.223	22.295	17625*
Deltakarar i Kystpasslista	660	2286	2585	1340	1420	1437

*statistikk 28.01.25 Perioden går fram til 05.03.2025

Liatårnet er mest populær med 1409 innsjekk. Veten kjem på andre plass med 1260 innsjekk og Rambua på tredje plass med 1027 innsjekk.

• Stidugnad

Frå dugnad ved Grana med vaksenopplæringa.



Me har hatt eit godt samarbeid med fleire frivillige i 2024, så det har blitt utført ein del dugnad på vårt stinettverk.

Grana/Livets portal

Her har det blitt laga fleire klopper og me har fått bygd ein benk på eit flott utsiktspunkt langs stien. I tillegg har me fått bygd ein parkbenk ute ved kunstverket "Livets portal". I juni hadde me dugnad her saman med vaksenopplæringa. Dei fekk prøve seg på dugnad i varm fønvind ute i havgapet. Gjenstående arbeid vert ferdigstilt i 2025.

Kallestad - Brotavarden

Her har me fått bygd klopper over dei våtaste partia i starten av løypa. I tillegg har det blitt klipt vekk ein del greiner og busker som hang over stien. Det er behov for å få bygd fleire klopper ved Kjereide.

Bildevatnet

FMC har eit prosjekt som heiter Ivoulenteer. Turlaget vart kontakta med førespurnad om me hadde behov for hjelp til utbetring av stiar. Prosjektansvarleg i FMC var godt kjend på stiane rundt Bildevatnet, så her vart det laga ein grundig utbetningsplan. Store delar at den vestlege traséen er no utbetra. Det er også blitt laga nokre ekstra klopper der det ikkje har vore klopper tidlegare.

Gåsavatnet

FMC og Ivoulenteer har hatt dugnad på stien rundt Gåsavatnet. Turlaget stilte med materialer.

Strandatunet bygdalag

Eitt av dei populære turmåla i Kystpasstur er Vetten. Turlaget har spona delar av materiala til stinettverket rundt Vetten.

Steinsvatnet tursti

Då Kystpasset vart lansert, måtte me endre på ein av turane grunna ornitologisk funn. Då vart Steinsvatnet tursti sett inn som alternativ tur. Dette framskunda behovet for utbetring av stien her. Ein liten dugnadsgjeng frå Flåten og Knarvik vel har bygt nye klopper, løfta på gamle klopper og rydda vegetasjon for betre framkomst. Sotra Øygarden Turlag har støtta arbeidet med midlar til klopper, og var i tillegg med på dugnad i mai. Sotra Øygarden Turlag har produsert nye merkepinar til turstien. Desse har godt synleg refleks, og bidreg til gode turopplevingar også i vinterhalvåret. Noko kloppearbeid står att, og arbeidet vert vidareført til 2025. Det er sett i gang arbeid med sporing av lokale namn og eldre stadsinformasjon om og langs turstien. Dette for å kunne lage til ein kultursti på sikt.



• Larslibua

Sotra Øygarden Turlag har tilsynsavtale på dagsturhytta Larslibua. Hytta er godt besøkt på lik linje med dei to andre dagsturhyttene i kommunen. Det vert utført tilsyn annakvar veke gjennom heile året. Inntrykket er at hytta vert godt teken vare på av dei som besøker den, men det har vore fleire tilfelle i 2024 der me har opplevd at hytta har vore ganske skiten. Det er også registrert at omnen vert brukt feil. Inni omnen har me funne alt frå ølboksar og kosebamsar til istykkerrivne bøker. Me har no fått inn ny bokpakke og vonar at denne vert handsama meir varsamt. Det har vore problem med fukt i 2024 også. Mykje av inventaret har blitt skifta ut grunna fukt. Noko av årsaka kan vere at ein ved fleire høve ikkje har fått lukka sidevindaugget skikkeleg. Vaktmeister i Eigedomsavdelinga er på saka.

Me har hatt utfordringar med søppelhandteringa, men er i dialog med kommunen for å finne ei løysing som kan sikre betre handtering av dette. Per dags dato er det ikkje aktuelt å få opp avfallsspann ved hytta. Turgåarar vert oppmoda til å ta med seg eige søppel heim igjen.

I mai hadde tilsynsgruppa dugnad i finvéret. Heile hytta fekk eit nytt strøk med beis. Det vart montert takrenne og lufteventilen vart utbetra.

Det er registrert 1040 innsjekk på Larslibua i 2024. Det er i tillegg mange som besøker dagsturhytta utan å sjekke inn i appen. Me har ei eiga Facebookside for Larslibua og ei eiga Facebookgruppe for alle som er interessert i å hjelpe til med tilsyn på hytta.



• Stand på Sartor

Under frivilligdagane i april hadde me stand på Sartor. Sotra Øygarden Turlag stilte med stand både fredagen og laurdagen.

På fredagen var det representantar frå Onsdagsgruppa som stod på stand. Dei hadde base inne på senteret og fekk stå der heile dagen.

På laurdagen var det nestleiar i styret og representant frå Turboklubben som stod på stand. Denne dagen hadde me base i Gågata. Det var mange som kom innom og fekk informasjon om vårt turtilbod.

Me hadde fleire aktivitetar på vår stand:

- Utdeling av Kystpass, turkart og flyer om Sotra Øygarden Turlag
- Lykkehjul med DNT-premier
- Gjettekonkurranse: "gjett tyngda på steinen"

Det var mange lag og organisasjonar som hadde stands på Sartor denne helga. Sotra Øygarden Turlag gjekk til topps i kåringa av beste stand.

• Møter, kurs/samling og foredrag

Sotra Øygarden Turlag har vore representert på fleire møter og kurs utanom lokallaget i 2024

MØTER:

- Fellesmøte vår i Marken (styreleiar)
- Fellesmøte haust, med alle lokallaga i BHT (styreleiar og kasserar)
- Samarbeidsmøte med kommunen vedr. dagsturhyttene (styreleiar og nestleiar)
- Fleire samarbeidsmøter på Gjerdet med Husflidlaget og kommunen (styreleiar og nestleiar)
- Planleggingsmøter med kommunen om Friluftslivets år (nestleiar)
- Strategimøter i BHT (styreleiar og nestleiar)
- Møte med Visit Bergen (nestleiar)
- Teamsmøte med naturvernansvarleg Dag Sandvik i BHT vedr. Kommuneplanens arealdel (alle i styret)
- Synfaring med Naturvernforbundet (nestleiar)
- Synfaring med naturvernansvarleg Dag Sandvik i BHT (nestleiar)

KURS/SAMLING:

- "Sjømat i fjøra": opplæring i kunnskapsformidling rundt bruken av sjømat frå fjøra (styreleiar og to turleiarar frå Turboklubben)
- Frivilligkonferansen for alle frivillige i BHT (styreleiar, kasserar og leiar i onsdagsgruppa)
- Turleiararsamling på Rongevær for turleiarar i Turboklubben (Styreleiar)
- Turleiararsamling i byen for turleiarar i Turboklubben (turleiar i Turboklubben)

FOREDRAG:

- "Turperler på Vestlandet" med André Marton Pedersen. 130 deltakarar på Bibliotekscena
- "Naturen som lykkepille" med Johanne Refseth, på Årsmøtet. 85 deltakarar, på Odeon Kino



Fellesmøte alle lokallag. Foto: André Marton Pedersen



Sjømat i fjøra kurs. Foto: Arne Duinker



Det var fullsatt lokale under foredraget "Turperler på Vestlandet"



Klokkarvik



Tjeldstø, Eventyrskogen



• Kom Deg Ut-Dagane

Me arrangerte Kom Deg Ut-dagen både vinter og haust i 2024. I februar var det planlagt eitt arrangement ved Rambua i nord og eitt på Vetten i sør. Grunna sterk vind måtte arrangementet på Rambua avlysast av omsyn til tryggleiken. Arrangementet i sør vart flytta frå Vetten til lavvoen på Klokkarvik. Det vart arrangert TurTipp med premiering. Turbo var også innom til glede for dei små. Kiwi Sund Senter sponsa oss med frukt og sitjeunderlag. Arrangementet vart avslutta på grendahuset på Klokkarvik. I samarbeid med Folkeakademiet Vest vart det servert deilig suppe som alle kunne varma seg med.

I september vart det gjennomført eit arrangement på Tjeldstø i nord. Rundt 60 små og store fann vegen til Eventyrskogen i nydeleg haustvær. Me hadde TurTipp med premiering, kastespel og fleire klatrestasjonar i skogen. Bodil Berntsen hadde eventyrstund med sjølvskrivne eventyr om Mase-Guri som hadde mista turgleda. Dette var populært. Turbo kom også innom ein tur, og fekk helst på både barn og vaksne. I grillhytta fekk alle høve til å grille pølser. Tusen takk til Kiwi Ågotnes torg som sponsa oss så alle fekk noko godt å bite i.

Tusen takk til alle frivillige som stilte på Kom Deg Ut-dagane.



• Opptur

Onsdag 8. mai arrangerte me Opptur for 8.-klassingar. Opptur er ein nasjonalt arrangement der DNT og lokale turlag inviterer alle 8.-klassingar ut på tur i terrenget, i ei løype på om lag 10 km.

Tre av ungdomsskulane i Øygarden kommune deltok på arrangementet. Årets løype var lagt til Fjellparken, med start og mål ved Fjell ungdomsskule. Det var quiz langs løypa, og på Fjell festning vart det servert sjokolade som påfyll til siste del av turen. Turleiarane frå Tysdags- og Onsdagsgruppa deltok som frivillige under dette arrangementet. Det var over 20 seniorar som hjalp til. Først med merking av løypa dagen før, deretter på sjølve turdagen. Dei deltok ved start, på klippepostane, i målområdet, og med bossplukking i løypa.

Styreleiar deltok som fotograf under arrangementet.

Me hadde opphaldsvér heile dagen, og ungdomane gjennomførte turen med glans.

I målområdet vart det servert frukt og det vart trekt premier på dei innleverte klippekorta.

Tusen takk til alle som deltok, og spesielt takk til dei frivillige som stod på både før, under og etter arrangementet. Takk også til Kiwi Sund Senter for sponning av frukt.

- Samarbeid med andre



Frå Glesværløpet i oktober. Foto: Jon Steinar Midlang

Vaksenopplæringa

Me ynskjer å inkludere flest mogleg i våre aktivitetar. I juni arrangerte me dugnad saman med ukrainarar frå vaksenopplæringa.

Glesnes ungdomslag og Folkeakademiet Vest

Sotra Øygarden Turlag stilte med TurTipp og premier under Glesværløpet som gjekk av stabelen 27. oktober. Turbomaskoten var også med. I tillegg har me stilt med quiz, Turbo og premier under kulturdagane på Glesvær. Folkeakademiet Vest vart med å arrangere Kom Deg Ut-dagen i februar.

Husflidlaget / Gjerdet Kulturminnegard

Husflidlaget har base på Gjerdet Kulturminnegard. Dette er nabohuset til Turlagshuset. Me har i løpet av 2024 hatt fleire samarbeidsmøte saman med dei og rådgjevar i eining for kultur og innbyggjardialog. Turlaget har inngått avtale om å få disponere lòa og Gjerdet kulturminnegard. I samarbeid med kommunen har me fått utbetra straumtilkoplinga både i lòa og i Turlagshuset.

Flåten og Knarvik vel

Fleire av medlemmane i Flåten og Knarvik vel stilte opp i samband med KDU på Tjeldstø, 1.september. Utan desse kunne me ikkje gjennomført arrangementet som planlagt.

TURGRUPPENE



• Barnas Turlag / Turboklubben

I 2024 vart det blåst nytt liv i Turboklubben. Det vart starta to nye Turboklubbar, éin nord i kommunen og éin i midten.

Turboklubben midtre Øygarden:

Den første turen starta i mars, og det vart arrangert 13 turar i 2024. Det har vore varierende tal på deltakarar. Aldersgruppa har i hovudsak vore mellom 4-6 år. På turane har me hatt ulike fokus/aktivitetar og vore på ulike plassar. Me har fyrt bål, grilla pinnebrød, laga suppe, gått rebus, hatt kart-rebus, leika saman og ikkje minst har mange fått bada i sjøen. Det har vore mykje lek. Barna har bitt kjende med nye vener og me ser at fleire kjem att og vil være med på tur. Det er kjekt! I løpet av året har me som turleiarar hatt kontinuerleg dialog og hatt møter innimellom med idémýldring for å lage plan for halvåret. Ingen turar har blitt avlyst og me har ikkje hatt nokon skadar på turane.

Turboklubben nordre Øygarden:

Turboklubben i Nordre Øygarden starta også opp i mars, og intensjonen var å ha ein tur annenkvar veke. Turboklubben i nord er for barn i alderen 4-8 år og foreldre. Me har hatt 12 gjennomførte turar, og 1 avlyst grunna uvær. I løpet av desse turane er det registrert eitt uhell. Eit barn falt, fekk eit sår ved auget, men det gjekk heldigvis bra. Me har vore på forskjellige stader nord i kommunen, både i skog og ved fjøra. Me har hatt turbingo, påskeeggjakt, bål og frileik. Vi avslutta året med besøk av Fjøsnessen og jakt etter julepynt. Det var bra oppmøte på dei første turane. Så dabbba det av fram mot sommaren. På hausten tok det seg opp igjen, og det var tilnærma fullt på alle turane. Det har vore to turleiarar i sving, med ein reserveturleiar i bakhand. Me har også hatt med oss ein terapihund på fleire av turane. På nokre av turane har me óg fått hjelp av foreldre for å kunne gjennomføre planlagt aktivitet. I byrjinga av 2025 får me tre nye turleiarar, noko som vil gjere det lettare og meir forutsigbart å arrangere turar framover.

I mai var det Turboklubbsamling på Rongevær for aktive turleiarar i Turboklubbane i Bergen og Hordaland turlag.

Målgang 7-fjellsturen



• Søndagsgruppa / 7-fjellsturen

Søndagsgruppa valde å starte for seg sjølv i 2024 utan tilknytning til DNT.

Den tradisjonelle 7-fjellsturen held fram i regi av Sotra Øygarden Turlag i 2024. I mål stod styreleiar og delte ut diplomar til alle deltakarane. Dei tradisjonelle 7-fjellskrusa skal få nytt design sidan det ikkje er fleire igjen av dei originale krusa. Styret arbeider vidare med dette i 2025.

• Tysdagsgruppa

Turåret starta 27. februar, og siste tur var 19. november. Det har blitt arrangert 30 turar i 2024. Dei fleste turane var i Øygarden kommune. Det var fem turar utanfor kommunen. Desse gjekk til Bergen, Askøy og Osterøy. Alle turane vart gjennomført som planlagt, med tilsaman 531 deltakarar. Dei mest populære turane gjekk til Lerøy og Glesvær. Avslutningane vår og haust gjekk til Osterøy og Glesvær, der vi fekk servert deilig mat på Fjordslottet og på Glesvær kafè.

Det har vore éi felles samling for heile turgruppa, og åtte samlingar for turleiarane. Tysdagsgruppa har rekruttert fleire turleiarar, slik at det i 2025 vert sju aktive turleiarar. Alle turleiarane har, eller er klare for, turleiarkurs. Førstehjelpskurs vart arrangert no i 2025. Her deltok alle turleiarane, med unntak av to som er påmeldt kurs 15. februar.

Ingen uhell registrert i 2024.

2024 har vore eit godt turår med mange fine turar og kjekke turgåarar.



Tysdagsgruppa. Foto: Laila Klemetsaune



Foto: Evelyn Persson og Runa Kjelstrup

• Onsdagsgruppa

Dei to første turane i januar måtte vi endre på då turdagen kom. Den første på grunn av klink is på grusveg, slik at det ikkje var forsvarleg å gå der. Den neste vart avlyst pga mykje snø som kom natta før turdagen. Turar vart det likevel, då turleiarane fann andre alternative løyper. Ved sommaravslutninga var vi på dagstur til Nordhordland. Vi var først i Tjorehagen for omvising, og deretter på Vestnorsk utvandringssenter. Neste post var Krossøy i Austrheim kommune. Vi gjekk opp på Storhaugen og vidare ned til fint naustmiljø før vi til slutt enda opp på Kilstrumen brygge for ein god middag.

Avslutning av turåret vart i år på Steffi-Støvo på Fjell. Sosialt samvær med god betasuppe, kaffi og mange gode kaker.

Talet på deltakarar på onsdagsgruppa sine 33 samlingar vart til saman 854 personar.

Gjennom dette turåret har det vore sju aktive turleiarar. Ein annan turleiar i permisjon hjalp til i komiteen ved avslutning av turåret.

I siste del av turåret har det kome til fire nye turleiarar som får turar i 2025. Neste år vert vi då elleve aktive turleiarar i Onsdagsgruppa.

Turleiarane i Onsdagsgruppa har vore samla til fire turleiar møter, der eitt møte var felles møte med Tysdagsgruppa. Då var 15 av til saman 18 turleiarar i dei to seniorgruppene samla.

Ingen uhell er registrert på onsdagsturane i 2024.

I april dette året deltok Sotra Øygarden Turlag på Sartor senter sine frivillig dagar. Første dagen var det åtte personar, to og to frå Onsdagsgruppa som bytte på å stå på stand gjennom heile dagen. Mange kundar på senteret stoppa for å snakke med oss.

Når mai månad kjem er det også tid for OPPTUR. TAKK for turar med kjekke turgåarar. TAKK til alle turleiarane og frivillige som stiller opp når det trengs!



• Aktivitetar utanom turgruppene

I tillegg til Kystpasset og turgruppene våre har me hatt nokre aktivitetar utanom. I desember var det to frivillige sør i kommunen som arrangerte "adventskalender" på Vetebu. Dette var eit positivt innslag i ein elles travel desembermånad. Kvar dag vart det trekt premiar blant dei som registrerte seg med bilete i adventskalenderen i Vetebu. Tusen takk til alle sponsorar som sponsa med rause premiar!

3. desember arrangerte me adventsbading i sjøen, med sauna. Me var ein liten gjeng som samla oss i Strilasauna i Kjøpmannsvågen. Nestleiarer vår stilte som badande julenisse! Etter badinga var det sosialt samvær inne i naustet der alle fekk noko å bite i og varm drikke.





De fem pliktene



•Frivillige i Sotra Øygarden Turlag

Det er mest frivillige i seniorgruppene. Me treng fleire frivillige i dei yngre turgruppene, sjølv om me er så heldige at me har fått fleire med på laget etter at dei to nye Turboklubbane starta.

•Turleiarutdanning

Sotra Øygarden Turlag har registrert rundt 30 turleiarar med nærturleiar- eller grunnleggande turleiarutdanning. Vi ynskjer å ha flest mogleg sertifiserte turleiarar, for å sikra høg kvalitet på våre aktivitetar. Både Turboklubben og Seniorgruppene har utdanna nye turleiarar.

•Tryggleiksarbeid

Sotra Øygarden Turlag har fokus på tryggleik knytt til våre arrangement. Me har faste rutiner for varsling av uheldige hendingar. Alle turleiarar skal ha «turleiarens beredskapsplan» med i sekken. I tillegg er det krav om at alle turleiarane har gjennomført førstehjelpskurs. Turleiarane må etterleve krav og plikter for å oppnå DNT sine målsetjingar for tryggleik. Sjå figur, dei fem pliktene. Det er fokus på risikovurdering før kvar tur, i tillegg til at me gjer turdeltakar merksame for at dei óg har ansvar for eigen tryggleik.

DUGNADSTIMAR

Dugnad	Komité / styrearbeid	Turleiar / instruktør	Feltarbeid	Anna	Totalt
Tal arrangement	101	33	47	0	181
Tal deltakarar	188	196	113	0	497
Tal timar totalt	1048	1633	624	0	3335

Alle dugnadstimane totalt utgjer 1,91 årsverk.

Turar og kurs	Vaksne		Born / familie		Ungdom		Senior		Opne arrangement	Turpostar	Medlemsmøte	Totalt
	Tur	Kurs	Tur	Kurs	Tur	Kurs	Tur	Kurs				
Tal arrangement	2		24	-	1	-	66	-	3	30	1	97
Tal deltakarar	19		350	-	170	-	1286	-	215	113.000	85	2125
Deltakardagar	19		350	-	170	-	1286	-	215	113.000	85	2125

STYRET

Styret i Sotra Øygarden Turlag 2024

Heidi Reisegg Endal	Styreleiar. Leiar for Barnas Turlag og kontaktperson Turboklubben midtre Øygarden
Vidar Tverfjell	Nestleiar. Tilsynsleiar Larslibua og kontaktperson Turboklubben nordre Øygarden
Lars Bjoland	Kasserar
Helene Kleppe	Skrivar /sekretær
Ida Rafos	Styremedlem
Torill Algrøy	Styremedlem
Anne-Liv Foldnes Bjørsvik	Varamedlem. Leiar for onsdagsgruppa

Valnemda 2024

Rune Alvsaker Erichsen
(N.N.)
(N.N.)

- **Styret sitt arbeid**

I løpet av 2024 har styret hatt 7 styremøter.

Desse sakene har hatt mest fokus i 2024:

- Kystpasset
- Oppstart nye Turboklubbar
- Dugnad
- Larslibua og Turlagshuset
- Rekruttering av medlemmer og frivillige, stand på Sartor
- Arbeid med innspel til kommuneplanens arealdel
- Opne arrangement: KDU og Opptur

Styreleiar, nestleiar og kasserar har hatt fleire Teams-møter gjennom heile året. I tillegg har me hatt fleire Kystpassmøter utanom ordinære styremøter.




• Rekruttering

Ved utgangen av 2024 hadde Sotra Øygarden Turlag 1611 medlemmer. Dette er ein nedgang på 0,6%. Det var 0,9% nedgang i aldersgruppa 26-45 år, medan det i aldersgruppa 19 – 25 år har vore ei svak auke på 1,1%. Per i dag er det 4% av innbyggjarane i Øygarden som er DNT-medlem. Styret arbeider med rekruttering. Det er mange som nyttar seg av vårt turtilbod, som til dømes Kystpasset, som ikkje er medlem. Me vil halde fram med fokus på rekruttering. Sotra Øygarden Turlag er drifta av frivillige, så midla me mottek for medlemskap går tilbake til våre medlemmer i form av utbetring av vårt stinettverk, fleire aktivitetstilbod, fleire inspirerande foredrag og mykje meir.


MEDLEMSUTVIKLING SISTE 5 ÅR:

År:	2020	2021	2022	2023	2024
Tal medlemmer	1601	1710	1624	1620	1611



Sotra Øygarden Turlag

Sotra Øygarden Turlag byr på friluftsliv i vakkert kystlandskap. Her er det lyngheier, svaberg, bortgøynde huler, sandstrender, kulturminne og fjelltoppar med utsikt i alle himmelretningar. Bli med oss på tur og oppdag Øygarden.



Sotra Øygarden Turlag Aktiviteter Turtips Frivillig Om oss



Kystpasset i Sotra Øygarden Turlag



Turtips i Sotra Øygarden Turlag



Frivillig i Sotra Øygarden Turlag

Se også



Våre turer og kurs



Medlemsfordeler i Turlaget



Sotra Øygarden Turlag



• Informasjonsformidling

Sotra Øygarden Turlag sin største digitale informasjonskanal er Facebook. I januar 2025 hadde me 2627 følgjarar, noko som betyr at me har hatt ytterlegare auke sidan 2023. Me har også ein Instagramkonto der det i slutten av januar var 1099 følgjarar. Dette er også ei auke frå 2023. Sjølv om me har mange følgjarar har det vore ei utfordring å nå ut med informasjon etter at algoritmen på SoMe vart endra.

Heimesida vår sotraoygarden.dnt.no vert også nytta til å formidle informasjon om vårt turtilbod. Her er det samla informasjon om turtilbod, turtips, medlemskap og informasjon om DNT som organisasjon. Heimesida vert også nytta av frivillige for å registrere dugnadstimar, reiseutgifter m.m.

Kystpasset er eit godt alternativ til digital informasjonsformidling. Det vert delt ut 17.000 Kystpass, slik at me når ut til målgruppa med informasjon om vårt turtilbod.

Det har vore viktig å vere representert på stand også. Her får me direkte spørsmål om turlaget og me når direkte ut til dei som ynskjer meir informasjon om oss.

Øygarden Kommune si heimeside har vore nytta til å formidle informasjon om Kystpasset. Biblioteket og innbyggjartorget har delt ut Kystpasset, Kystpasspins og premier.





- Eksterne gåver og stønad til Sotra Øygarden Turlag

Spleis innsamling Gutta på Tur	24.700
Sponsormidler Kystpasset 2024	106.000
Private givarar Kystpasset 2024	800
Tippemidler grasrotandel	31.671
Total	163.171

Økonomi:

Sjå egne lenker under årsmeldinga på heimesida.